



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313
Julie Marie Andersen, 5557 22355
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
24.06.2016
Dykkar dato
31.03.2016

Vår referanse
2016/623 561
Dykkar referanse
13/7610

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Småkraftpakke i Modalen kommune - motsegn, spørsmål og merknader til bygging av kraftverk

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Kvernhusfossen kraftverk ut frå konflikt med fjordlandskapet. Småkraftutbygging i Modalen må ikkje undergrave statleg innsats for å sikre anadrom fisk i Modalselva. Vi rår i frå bygging i Almelidelta, Seljedalselva og Tverråni.

Fylkesmannen viser til høyring på småkraftpakke Modalen som inneheld forslag til åtte nye småkraftverk.

I omtale av kraftverka har vi i hovudsak referert punkt som er relevant for vår vurdering av søknadane. Sentrale data frå søknadane er samla i tabellen under.

Kraftverk	Årsprod GWh	Rørgate i meter	Tunnel i meter	Veg i meter	Minstevassføring l/s sommar/vinter
Kvernhuselva	8,63	160+40	470	60	175/30
Almelidelta	4,5	730		940	25
Todeiselva	6,7	900+650 280		400	30 Todeiselva 4 Almabekken
Nåmdalselva	10,3	1590		200	160/50
Bleidalselva	4,6	580+80		370+80	23/14
Seljedalselva	5,8	240+550	240	690+370	47/ 28
Tverråni	5,8	680	265	1300+30	38/22
Budal II	9,2	1300		50	174/39

Modalen kommune har ein eigen delplan for småkraftverk frå april 2011, *Småkraftplan for Modalen*. I planen har kommunen gjennomgått ulike interesser knytt til småkraftutbygging og sortert potensielle utbyggingsprosjekt etter konfliktgrad. Grøn konfliktgrad gjeld vassdrag med lite konflikt. Gul konfliktgrad viser middels konfliktnivå. Eventuelle utbyggingsprosjekt må ta omsyn til dei allmenne interessene og tilpassast med avbøtande tiltak. Raud konfliktgrad viser stort konfliktnivå.

Kvernhuselva ligg i raud sone. Dei andre kraftverka i småkraftpakka ligg i gul sone.

Fylkesdelplan for småkraftverk i Hordaland har følgjande omtale av delområde Modalen - Eksingedalen:

Modalen –Eksingedalen delområde har eit stort potensial for småkraft. Det er særleg viktig å ta vare på eksponerte fossar langs fjorden og i Mo sentrum. Indre Osterfjord har stor grad av fjordlandskap med urørt preg som er unikt i fylket, og utbygging her vil påverke regionale verdiar. Mykje av vassdragsnaturen er regulert i samband med kraftutbygging, og det vert viktig å ta med i vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt, særleg for område med stor friluftaktivitet.

Planen viser stor verdi for tema sårbart høgfjell og fjordlandskap og friluftsliv i Modalen og Eksingedalen.

Nett

Modalen kraftlag har i eit brev til NVE gjort greie for nettsituasjonen i Modalen og nødvendige tiltak dersom alle kraftverka i pakken vert realisert. Slik vi forstår dette vil bli nødvendig å oppgradere dagens 22 kV line. Alle prosjekta med unntak av Nåndalselva vert mata inn på ny trafostasjon ved Hellandsfossen kraftverk. Nåndalselva vil gå til Steinsland sin nye trafo. Det byggjast nye transformatorar i Hellandsfoss og Steinsland.

Anadrom fisk i Modalsvassdraget

Opphavleg gjekk laksen i Modalselva opp til Hellandsfossen. Det er bygd fisketrappar i Hellandsfoss (1983) og Almelid (1993). Desse er utbetra fleire gonger og det er i dag mogleg for laks og sjøaure å vandre opp i Steinsdalsvatnet og nytte tilløpsbekkane til vatnet. Førebels er det ikkje registrert anadrom fisk over Almelid, men det kan forklarast med fåtallige bestandar. I 2014 starta staten opp eit reetableringsprosjekt for å få attende ein bestand av villaks i Modalsvassdraget. Vassdraget hadde tidlegare ein bestand av laks, men denne gjekk tapt som følgje av sur nedbør. Rogn av Vossolaks vert årleg planta ut i vassdraget opp til Steinslandsvatn, i tillegg vert smolt produsert på Voss klekkeri slept ut fjorden. I år opna kalkdoseraranlegget i vassdraget. Kalking vil gå føre seg i overskodelig framtid, medan reetableringsprosjektet har ein tidsramme på 5 pluss 5 år. Årleg nyttar staten rundt 2 til 3 millionar kroner til reetablering og kalking i vassdraget for å sikre bestandane av laks og sjøaure i Modalsvassdraget.

Fylkesmannen legg til grunn at det ikkje skal opnast for nye utbyggingsprosjekt som undergrev statleg innsats for å sikre anadrom fisk i Modalselva. Sidevassdraga er viktige, særskilt for sjøaure.

Kvernhusfossen kraftverk

Kvernhusfossen er eit synleg og kjent landemerke ved Mo sentrum, der den stuper 250 meter ned fjellsida i fleire avsatsar. Utbygging vil føre til redusert vassføring i elva.

Inntaket til kraftverket er planlagt på kote 282 mellom Nedstavatnet og Kvernhusfossen. Vatnet skal førast i bora sjakt ned fjellsida, deretter i nedgrave røyrgate fram til kraftstasjon på kote 5. Det vil vere eit masseoverskot på 3000 m³ som i hovudsak er planlagt nytta i lokal terrengarrondering.

Om lag 75 meter av anadrom strekkje i elva vert råka av tiltaket. Søkjar meiner elva er ueigna for anadrom fisk og at tiltaket har lite/middels negativ konsekvens for akvatisk miljø.

Stien vidare fram mot den gamle inntaksdammen på toppen av Kvernhusfossen er mykje i bruk. Kvar sommar vert det arrangert motbakkeløp på stien som går frå bustadområda. Søkjar legg vekt på at fossen ikkje er synleg direkte frå stien. Merka stiar går vidare opp til Husafjellet, Storfjellet og vidare mot Skavlabu i Stølsheimen, og friluftsiinteressene i området er av både lokal og regional verdi.

Utbygginga vil ta vekk om at lag 60 prosent av vatnet i fossen. Søkjar viser til dette vil vere mest synleg på dagar med lite vassføring. Inntaksdammen ikkje vil vere synleg frå turstien til Skavlabu. Større samanhengande naturområde (INON sone 2) vert redusert med 0,6 km². Kvernhusfossen vert som kjennemerke i Modalen nytta i marknadsføring av reiselivet.

Søkjar har sett konsekvensane for både for landskap, inngrepsfri naturområde og for friluftsliv/reiseliv til *middels negative*.

Fylkesmannens merknader og motsegn

Inste del av Mofjorden er mellom dei mest verdifulle landskapsrom i Hordaland, der det storskala fjordlandskapet med sine urørte fossefall utgjer dei viktigaste elementa i landskapet. Dette er dokumentert i fylkesdelplan for småkraftverk i Hordaland, der inste del av Mofjorden er klassifisert i fjordlandskap klassa A, kvalitetar som gjer landskapet eineståande og serskilt opplevingsrikt, med mangfald og høg inntrykksstyrke. Kvernhusfossen er ein viktig del av dette landskapsrommet. Elva er synleg også ved små vassføringar. I vedteken retningslinjer som for fylkesdelplanen skal ein vere *svært restriktiv* med utbygging i urørte fjordlandskap.

Dette er og vektlagt i kommuneplanen for Modalen. I arealdelen ligg vassdraget innafor omsynssone for bevaring mot kraftutbygging. Utbygginga er soleis også i strid med kommuneplanen.

Turstien frå Mo sentrum til Skavlabu er ein av innfallsportane til fjellområda i Stølsheimen, med stor regionale verdi. Utbygginga vil i tillegg redusere område med større inngrepsfri natur i Hordaland.

Søkjar legg all vekt på avbøtande tiltak gjennom minstevassføring. Verdien av å sikre vassdraget i si urørte form er ikkje omtala eller vektlagt, heller ikkje ut frå langsiktig verdiskapning i Modalen. Søkjar si vurdering av konsekvensar, både for landskap, friluftsliv og opplevingsverdi er etter vår oppfatning ufullstendig og lite dekkjande.

Fylkesmannen viser til at urørte vassdrag har ein eigne verdi. Sett i lys av den omfattande kraftutbygginga som er gjennomført i landet vårt, meiner vi at dette perspektivet må vektleggjast høgt i framtidig forvaltning av vassdragsnaturen.

Utbygging av Kvernhuselva i strid med både kommuneplan og fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland.

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Kvernhuselva kraftverk.

Almelidelva kraftverk

Almelidelva er eit sidevassdrag til Moelva, om lag 5 km før hovudelva renn ut i fjorden. Nedbørsfeltet ligg i vasskiljet mot Eksingedalen. Inntaket er planlagt på kote 353, stasjonen på kote 129, like oppstrøms bekkeinntaket for Hellandsfoss kraftverk.

Elva har mange mindre stryk og fossar. Deg går i dag ein landbruksveg om lag 150 meter opp lia, som er prega av attgroing etter tidlegare bruk. Deler av området er tilplanta med gran.

Frå planlagde inntak vil vassvegen gå i nedgrave røyrgate, og vegen skal forlengast opp gjennom den bratte lia med stigning på 1:4, i alt 940 meter. Det er foreslått minstevassføring på 25 l/s heile året som avbøtande tiltak.

Røyrgata, vegen og inntaksdammen vil vere godt synleg i terrenget. Redusert vassføring i elva vil vere merkbar. Tiltaket fører til bortfall av større samanhengande naturområde (INON sone 2) på 0,5 km². Søkjar vurderer verknaden å vere *lite – middels* negativt for landskapet.

Friluftinteressene i området er knytt til lokal bruk. Det går sti opp lia fram til Almelidstølen som ligg på kote 360. Stølen er lett tilgjengeleg og populært turmål.

Det må byggjast ny 22 kV kraftline frå stasjonen fram til eksisterande kraftline gjennom Modalen. Den nye lina må krysse elva tvers over og verknad er vurdert som *lite – middels negativ*, etter det vi kan lese ut frå søknaden vurdert ut frå omsyn til fugl og landskap.

Det er vurdert alternativ utbygging (alternativ 1) der anlegget vert bygd med taubane og helikopter. Anlegget utan veg vil gi mindre landskapsinngrep, og vil bli mindre øydeleggjande for turstien. Slik vi forstår søknaden blir dette eit mindre kostbart alternativ.

Fylkesmannens merknader

Utbygging av Almelidelva vil kome i tillegg til tidlegare utbyggingar i denne delen av Modalen, Hellandsfoss kraftverk og Hellandsfossen kraftverk. Almelidelva framstår i dag som eit karaktergivande og markert sidevassdrag til hovuddalføret. Ny veg og røyrgate opp lia vil krysse tursien, og vil bli eit godt synleg inngrep i lia.

Fylkesmannen meiner det er viktig å ta omsyn til det generelle landskapsbildet i Modalen, som er sterkt påverka, ikkje minst gjennom tidlegare kraftutbygging. Vurdert ut frå samla belastning på vassdragsnaturen vil utbygging av Almelidelva vere eit uheldig inngrep.

Fylkesmannen rår i frå utbygging av Almelidelva.

Dersom det likevel vert opna for utbygging må dette skje på ein måte som tek omsyn til landskapet gjennom vilkår om minstevassføring og utbygginga utan ny veg opp lia. Vi viser til naturmangfaldlova §§ 10 og 12.

Todeilselva kraftverk med overføring av Almabekken

Todeilselva kjem ned i Modalen aust for Farestveit. Det går fleire landbruksvegar i området, men vassdraget er i dag utan tekniske inngrep.

Hovudinntak er planlagt på kote 355. Overføringsinntak i Almabekken ligg på kote 355. Røyr gatene blir grave ned, høvesvis 900 meter og 650 meter fram til dei møtast på kote 150 og 280 meter vidare ned til kraftstasjon. Røyret går i fjell i deler av traseen. Kraftstasjonen vert plassert i sideelva Ædnabekken, som renn ut i Moelva vest for Todeilselva.

Eksisterande landbruksveg skal forlengast 400 meter frå til hovudinntak. Denne skal gjerast til en standard slik at den kan nyttast som skogveg i ettertid. Utbygging vil føre til reduksjon i større samanhengande naturområde (INON sone 2) med 0,4 km². Konsekvens for landskapet er sett til *liten negativ*.

Det er registrert ein naturtypelokalitet med C-verdi (lokal verdi) ved Todeilselva.

Søkjer viser til at Todeilselva og Ædnabekken har oppvekst- og gyte plassar for innlandsaure. Dei viser til at areala i elvane er avgrensa sett i høve til det samla anadrome areal i Modalen, og meiner at verknadene ved tiltaket er neglisjerbart. Konsekvens er sett til *liten negativ* for fisk.

Fylkesmannens merknader

Den gamle ferdavegen- og kyrkjevegen mellom Modalen og Eksingedalen vert nytta i samband med lokal og regional friluftsliv. Røyr gata vil krysse stien to stader, og påverke opplevingsverdien, ikkje minst i anleggsfasen. Utbygginga vil føre til at større inngrepsfri naturområde vert redusert, og slik bidra til ein uheldig utvikling.

Anadrom strekkje går minst 150 meter opp Todeilselva frå Moelva, og truleg lenger (over 200 meter). I Ædnaelva er det mogleg rundt 150 – 200 meter med anadrom strekkje. Todeilselva har eit større anadromt areal enn Ædnaelva. Særskilt for sjøaure kan begge bekkene ha potensielle gyte- og oppvekstareal. For laks er det mindre sannsynleg at den vil gyte der, men lakseungar kan vandre inn frå Moelva og vekse opp i bekkane.

Med reetablering av laks er sidebekkene særskilt viktig for sjøaure. Eventuell utbygging i vassdraget må skje med vilkår som sikrar omsyn til anadrom fisk. Det er viktig å sikre tilstrekkeleg minstevassføring i Todeilselva. Fylkesmannen meiner ein må vurdere alternativ utbygging der kraftstasjon vert plassert ovafor anadrom strekkje i Todeilselva. Inntaka må utformast slik at gassovermetning ikkje førekjem. Eventuell gassovermeting kan òg påverke Moelvi. Det må installerast omløpsventil med tilstrekkeleg kapasitet.

Nåmdalselva kraftverk

Nåmdalselva renn ut i Moelva frå aust ved øve Helland. Det går veg og kraftliner inn Nåmdalen frå tidlegare overføringar og utbyggingar i området, mellom anna til Steinsland kraftverk.

Inntaket i Nåmdalselva ligg på kote 294. Røyr gata skal gravast ned langs nordvest-sida av elva. Det går ein landbruksveg langs traseen fram til omlag 190 meter frå inntaket, og det må byggjast ny veg 50 meter. Det er utarbeidd tre alternativ for plassering av kraftstasjon. Hovudalternativet (A) ligg på kote 127, medan alternativ B og C ligg lenger opp i vassdraget.

Det er foreslått minstevassføring på 150 l/s om sommaren og 60 l/s om vinteren.

Fylkesmannens merknader

Søknaden er ufullstendig når det gjeld omtale av anadrom strekning i Nådalselva. Anadrom fisk går opp ca. 350 – 400 meter, i tillegg deler elva seg nedst slik at anadrom strekkje er noko lengre. Det er i hovudsak sjøaure som vil kunne nytte areala som gytehabitat, laks vil i sannsynlegvis mindre grad nytte areal til gytehabitat. Lakseungar vil sannsynlegvis trekke kunne trekke inn frå hovudelva og vekse opp her. Av omsyn til anadrom fisk bør kraftstasjonen plasserast over anadrom strekkje, dvs. alternativ B eller C. Stasjonen må ha omløpsventil med tilstrekkeleg kapasitet for å hindre stranding av fisk. Inntaket må utformast slik at gassovermetning ikkje førekjem. Eventuell gassovermetning kan òg påverke Moelva.

Hellandsdalen

Dei fire neste søknadene gjeld vassdrag i Hellandsdalen, som er ein sidedal mot nord frå Nedre Helland. Elva i dalføret heiter Budalselva. Det ligg eit minikraftverk i nedre del. Gjennom storstilt kraftutbygging på 1980-talet vart det bygd anleggsveg om lag 7 km opp Hellandsdalen til Skjerjevatnet, eitt av reguleringsmagasina til BKK. Vatnet er ført over til kraftproduksjon i Matre.

Bleidalselva kraftverk med overføringsbekk

Bleidalen ligg i øvre del Hellandsdalen. I alt 16,2 km² av Bleidalselvas naturlege nedbørfelt er fråført vassdraget. Dette utgjør ca. 77 prosent av det uregulerte feltet. Bleidalselva framstår likevel med fine fossar og stryk, spesielt i periodar med høg vassføring.

Kraftverket skal ha inntak på kote 343. Det er og planlagt overføring frå eit sidevassdrag sør for hovudelva gjennom eit overføringsrøyr som skal gravast ned. Her er det ikkje planlagt minstevassføring. Røyrgate skal vil gå nedfor vegen, langs nordsida av elva. Det er planlagt felles kraftstasjon med Seljedalen kraftverk. Tiltaket ligg innafor område som prega av tidlegare inngrep, men ny kraftstasjon og røyrgate vil auke omfanget av inngrep.

Søkjar meiner det er lite ferdsel i Bleidalen, men i øvre del av nedbørfeltet ligg turlagshytta Skavlabu. Hellandsdalen er nytta som tilkomstveg til hytta og til andre område i Stølsheimen.

Det er registrert innslag av edellauvskogsartar som eik og barlind, noko som gjer det naturleg å skilja ut dette området som ein prioritert naturtype. Lokaliteten inneheld holer eiker i skog som er å rekne som ikkje produktiv. Konsekvensen ved utbygging er sett til *middels negativ*.

Seljedalselva kraftverk med overføring frå Trollgjelsbotn

Det er fleire elvane i Seljedalen og Trollgjelsbotn som renn ut Hellandsalen. Seljedalsfossen framstår som eit markert fossefall i Hellandsdalen.

Det er planlagt ny veg 690 meter frå dagens anleggsveg fram til inntaket som ligg på kote 383. Vegen går i sidebratt terreng og med stigning på 1:5 i øvre del. Sideinntaket i Trollgjelsbotn ligg på kote 390. Overføringa skal skje ved tunnelboring. Røyrgate skal gravast ned fram til kraftstasjonen, som er felles med Bleidalselva kraftverk. Det må og byggjast ny veg fram til kraftstasjonen. Her må vegen krysse Seljedalselva i alt tre stader.

Det er planlagt ny 22 kV kraftline op Hellandsdalen med 1,3 km i jordkabel og 1,1 km i luftline. Søkjar skriv at linebygginga ikkje vil ha negative verknader for miljø eller naturressursar.

Øvst i Hellandsdalen ved Seljedalselvi/Bleidalselvi er det registrert eit par naturtypelokalitetar vurdert som viktige (B-verdi). Inngrepa er avgrensa til nedre del av den øvste lokaliteten (tilførselsveg til inntak).

Utbygginga vil føre til reduksjonen av større samanhengande naturområde (INON sone 2) på 0,4 km². Landskapsinngrepet er særleg knytt il vegbygging og røyrgate. Søkjar har sett konsekvensar til *liten* negativ.

Søkjar vurderer tiltaket som *liten positivt* for brukarinteressene, først og fremst pga. at området vert nytta av grunneigarane og vegbygging lette tilkomsten til området. Konsekvensar for friluftinteressene er ikkje vurdert.

Søkjar til at landskapsinngrepa vil gro att etter 5 – 7 år og ikkje vil bli synleg og at inngrepet vil på lang sikt vere avgrensa til redusert vassføring. Foreslått minstevassføring skal redusere negativ visuell effekt på landskapet ved å synleggjere elvestrengen, spesielt Seljedalsfossen.

Søkjar har vurdert alternativ med bygging utan veg til inntaket, dvs. ved bruk av taubane. Dette vil auke kostnadene ved utbygging.

Tverråni kraftverk

Inntaket i denne sideelva til Hellandsdalen ligg på kote 39,5. Rett før utlaupet i Budalselvi fell elva i en ganske høg foss, men det er og nokre små fossar og stryk lenger oppe langs den planlagd utbygde strekninga.

Vassvegen på 680 meter er nedgrave røyrgate i øvste del, og bora tunell dei siste 265 meter. Vegen til inntaket er 1.3 km og går opp ei bratt li med stigning 1:5.

Landskapsinngrepa ved fråført vassføring og ny veg blir svær synlege. Samla bortfall av større samanhengande naturområde (INON sone 2) er 0,37 km². Konsekvensar er sett til *middels negativ*.

Grunneigarane i Hellandsdalen brukar området og vegen i samband med tilsyn med dyr på beite, jakt og skogsdrift. Stien opp til Tverradalen vert nytta som tilkomst til stølen.

Ålmenne interesser til utbyggingsområdet, og friluft- og opplevingsverdiane vert ikkje omtala i søknaden spesielt.

Alternativ utbygging kan skje utan veg, med boring opp til inntaket. Løysinga er dyrare og vil gjer drifta meir tungvint.

Budal II kraftverk

Kraftverket skal nytte nedbørsfeltet til sjølve Hellandsdalen. Omlag 50 prosent av feltet er tidlegare overført til Masfjorden ved reguleringsmagasinet Skjerjevatnet. Nedre del av

dalføret er prega av bjørkeskog og planta granskog. Elva er karakterisert ved store blokker og rullestein, noko som viser at vassdraget og dalføret har stor flaum-aktivitet.

Inntak er planlagt der Tverråni renn inn i Budalelva på kote 127,5. Det må byggjast veg 50 meter ned til dette punktet. Røyr gata skal gravast ned 1300 meter og vil følgje anleggsvegen ut dalen, med unntak av nedre del der den går langs ein gamal vegtrase, lenger vest. Utbyggjar vil byggje anleggsveg for legging av røyr i denne delen av traseen. Kraftstasjonen vert plassert like vest for kraftstasjoen til Budal I kraftverk.

Inntaket til minikraftverket Budal I er i dag vandringshinder for anadrom fisk. Det er ikkje krav om minstevassføring i eksisterande kraftverk, og elva mellom inntak og kraftstasjon er i dag tørrlagt i periodar. Det er planar om å drifte eksisterande kraftverk under store vassføringar og nytte minstevassføringa frå Budal II.

Fylkesmannens merknader - Søknadar i Hellandsdalen

Søknadane gir ikkje utfyllande bilde av verdien av Hellandsdalen i samband med friluftsliv. Hellandsdalen vert brukt som rekreasjons- og turområde for ulike befolkningsgrupper gjennom heile året. Dalføret er innfallspørt til Stølsheimen og turlagshyttene Skavlabu og Vardadalsbu. Fylkesmannen meiner at NVE burde stilt krav om kartlegging og verdsetting av friluftinteressene, slik at kunnskapsgrunnlaget for dette temaet var tilfredsstillande. Vi viser til metode om kartlegging og verdsetting av friluftinteressene i Miljødirektoratet sin handbok M-198 og på nettstaden miljøkommune.no.

Til tross for tidlegare utbyggingar har dalføret fortsatt store landskapskvalitetar, ikkje minst knytt til intakte fosselandskap, som omfattar både Bleidalsfossen, Seljedalsfossen og Tverråni.

Bortsett frå ein søknad, er elle sakene i Modalspakka fremja av ein og same utbyggjar. Det er likevel ikkje presentert noko samla vurdering av inngrepa på naturmangfaldet, der landskap er ein viktig del. Det er ikkje laga fotomontasje av verknader ved vegbygging, og karta i søknadane er gjennomgåande svært vanskeleg å lese.

Bleidalelva, Seljedalselva og Tverråni

Sett i lys av tidlegare utbyggingar og omfattande bruk av dalføret, meiner vi det er viktig å vektlegge samla belastning. Fylkesmannen meiner utbyggingane vil gi uønskte og uheldige verknader på landskapet, spesielt knytt til vegbygging, men og til redusert vassføring i fossar som er med å «gi dalen liv».

Fylkesmannen rår i frå utbyggingane. Om det skal opnast for meir kraftutbygging må det setjast vilkår om tilstrekkeleg minstevassføring. Tverråni og Seljedalselva må byggjast utan veg fram til inntaka, jf. naturmangfaldlova §§ 10 og 12.

Budal II

Fylkesmannen legg til grunn at NVE gjer ei samla vurdering av vassføringsregimet i Budalselva. Eventuelle vilkår knytt til bygging av Budal II bør knytast til drift av Budal I, slik at ein kan ta mest mogleg omsyn til anadrom fisk.

Samandrag av Fylkesmannens motsegn og tilrådingar

Kraftverk	Konflikt	Fylkesmannens merknad	Vilkår
Kvernhusfossen	Fjordlandskap	Motsegn	
Almelidelta	Samla belastning landskap	Rår i frå	Bygging utan veg. Minstevassføring
Todeilselva	Anadrom fisk		Omsyn til anadrom fisk
Nåmdalselva	Anadrom fisk		Omsyn til anadrom fisk. Plassering av kraftstasjon
Bleidalselva	Landskap		
Seljedalselva	Landskap	Rår i frå	Bygging utan veg. Minstevassføring
Tverråni	Landskap	Rår i frå	Bygging utan veg. Minstevassføring.
Budal II	Samla belastning		Omsyn til anadrom fisk

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Miljødirektoratet

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Hordaland fylkeskommune

Modalen kommune

Postboks 5672 Sluppen

Tverrgt. 4/6

Postboks 7900

Postboks 44

7485 TRONDHEIM

5017 BERGEN

5020 Bergen

5729 Modalen